

**Til
Rådmannen
Kommunestyret**

Justert uttale til økonomiplanen frå Utdanningsforbundet Alver

Utdanningsforbundet Alver har ikkje vanskar med å sjå at vi i ein krevjande økonomisk situasjon må spare inn på både drift og investeringar, og at oppvekstsektoren òg må bidra med innsparingar. Når vi her kjem med argument imot ulike kuttforslag på drift, så er det for å synleggjere og nyansere konsekvensane av kuttforslaga betre enn det som kjem fram i rådmannen sitt framlegg. Det er viktig at Kommunestyret fattar sine vedtak kring økonomiplanen på eit best mogleg grunnlag.

Barnehage:

Utdanningsforbundet Alver hadde seinhaustes i fjor ein runde til dei politiske partia med historier frå barnehagekvardagen i dei kommunale barnehagane i Alver. Bakgrunnen var særskilte knappe økonomiske rammer til drift (langt under Staten sine satsar for overføring til private dersom ikkje vi hadde hatt kommunale barnehagar). Vi snakka om låg bemanning som var fordelt tynt utover ei lang opningstid. Berre 1,5 timar midt på dagen har barnehagane bemanning tilsvarande bemanningsnorma. Vi snakka om små born som sat aleine på grunn av at det berre var èin tilsett på jobb tidleg på morgonen og seint på ettermiddagen, og den tilsette var opptatt med føresette som leverte eller henta sine born. Vi snakka om vår undersøking frå barnehagane i Lindås kommune som dokumenterte at mykje av pedagogane si planleggingstid fall bort på grunn av at dei vurderte bemanninga som så låg at det var uforsvarleg å forlate avdelinga for å planleggje. Kommunestyret fann i 2019 ikkje rom for å auke bemanninga med assistentar for å sikre at planleggingstida blei tatt ut (tilsvarande det dei hadde i barnehagane i Radøy kommune), men lova å sjå på dette i revidert kommunebudsjett. Heller ikkje då gjekk dette igjennom.

Kuttforslag: Kutte ekstra bemanning i pedagogane si planleggingstid.

Konsekvens: Veldig sannsynleg at bortfall av planleggingstid vil halde fram. Planleggingstida er tariffesta, og UDF vil instruere pedagogane til å krevje å få tida att innan ei veke, eller krevje overtidsbetaling for å utføre planlegginga på andre tider. Alternativet er auka vikarbruk.

Kuttforslag: Redusere i styrkingstiltak og spesialpedagogiske tiltak med til saman 1,2 årsverk.

Konsekvens: Det blir for enkelt å kalle dette harmonisering. Det dreier seg om ungar med særskilte behov som vil miste heile eller delar av den ekstra oppfølginga dei får i dag. Det kan i ein del samanhengar vere fornuftig å erstatte spesialpedagogisk hjelp med styrking av det ordinære tilbodet, men ikkje å redusere begge delar samstundes.

Skule:

Vi har ein skulesektor i Alver kommune som, om vi går inn i GSI-tal og samanliknar skule for skule med tilsvarande skular i andre kommunar, jamt over ligg middels til lågt i ressursbruk.

Utdanningsforbundet Alver har dei siste vekene fått bekrefta at minst fire av skulane har færre lærarar til ordinær undervisning enn den nasjonale minstenorma for lærartettleik, som er vedtatt i Opplæringslova. Årsaka er at skulane berre får øyremerkte ressursar til spesialundervisning til dei elevane som treng fulldekning èin til èin. Alt anna skal dekkast av dei ordinære lærarårsverka. Når skulane har fleire elevar med særskilte behov enn dei som får fulldekning, både elevar med faglege

utfordringar og utagerande åtferd, så er det innimellom naudsynt å veksle om lærartimar til assistent/fagarbeidar, miljøarbeidar/-terapeut eller vernepleiar.

Alver kommune har veldig høge ambisjonar for skulane, og det er eit enormt fokus på utviklingsarbeid, rutinar og rapportering.

Lærarane sin arbeidskvardag:

Alt det gode arbeidet som har vore skal vidareførast, samstundes som dei skal arbeide ekstra mykje med Fagfornyninga, digitalisering, skulemiljø, stadig fleire elevar med krevjande åtferd og fleire elevar med behov for fagleg tilpassing.

Skuleleiarane sin arbeidskvardag:

Veldig dårleg samsvar mellom pålagte arbeidsoppgåver og tid til leiing. Stadig nye oppgåver, og veldig mange korte fristar. Manglande avklaringar knytt til leiingsstruktur og delegering av ansvar og oppgåver til undervisningsinspektørane. Ekstremt store utskiftingar av rektorar og undervisningsinspektørar, - krevjande å behalde leiarane og få kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar.

Kuttforslag: Redusere med fem lærarårsverk pr. år i perioden, til saman 20 årsverk.

Konsekvens: Ved mange av skulane i Alver vil det ikkje vere mogleg å kutte årsverk innan den ordinære undervisninga. Allereie i dag må rektorar velje om dei skal løyse akutte utfordringar knytt til einskildelevar, eller om dei skal oppfylle minstenorma for lærartettleik. Det betyr at ein stor del av kutta må takast innan spesialundervisninga, utan at den ordinære undervisninga blir styrka tilsvarende for å kunne gje elevar med særskilte behov den oppfølginga dei treng. UDF meiner at det kan vere fagleg riktig å redusere spesialundervisninga noko, men for å kunne utvide spekteret av elevbehov som skal ivaretakast innanfor det ordinære tilbodet, må då ressursane overførast og ikkje kuttast. Reduksjon i spesialundervisninga vil hovudsakleg ramme dei mest sårbare elevane, samstundes som allereie utfordrande klassemiljø blir enno meir utfordrande. UDF fryktar dårlegare faglege resultat, auke i mobbing, utagerande åtferd, vald og trugslar, og enno større arbeidspress og auke i sjukmeldingar blant dei tilsette. I innleiinga nemnte vi ein ekstremt krevjande situasjon for skuleleiarane. Dersom ressurs til leiing skal aukast, veit vi av erfaring at det blir gjort med å kutte ytterlegare i lærarårsverk.

PPT:

Kuttforslag: 2,3 årsverk til sakshandsaming/rådgjevar.

Konsekvens: Dette er eit kutt i talet på PP-rådgjevarar på over 10%. Under barnehage og skule står det at PPT, som følgje at reduksjon i spesialpedagogiske tiltak og styrkingstiltak, må vere tettare på i høve til rettleiing. Det er då sjølvmotseiande at PPT då samstundes skal kutte drastisk i bemanninga. Dette vil gå direkte ut over dei barna/elevane som treng særskilt oppfølging, samt alle dei tilsette i barnehagar og skular som skal prøve å hjelpe desse barna på best mogleg måte.

Sektor oppvekst:

Kuttforslag: Redusere med eitt årsverk i stab oppvekst.

Konsekvens: Stab oppvekst er sær viktig i overordna styring av ulike satsingsområde, samt at staben handsamar eit firesifra tal einskildvedtak kvart år. Eitt årsverk mindre i staben vil føre til auka arbeid for skuleleiarar og merkantilt tilsette tilsvarende minst dette årsverket. Den einskilde skule må då ta seg av ein del vedtak som er både kompliserte og sjeldne, og som dei difor vil bruke veldig lang tid på å handsame. Hausten 2021 har vi truleg på plass eit nytt digitalt skuleadministrativt system. Det er godt mogleg at det komande systemet vil innehalde betre/nye automatiserte løysingar innan søknadar/sakshandsaming/svar ut, som kanskje vil medføre redusert

arbeidsmengd for rådgjevarane i staben. Innføringa av eit nytt system vil derimot føre til ekstra arbeid i innkøyringsfasen. UDF bed difor om at kuttforslaget blir utsett til 2022.

Kutforslag: Redusere med to årsverk førebyggjande arbeid.

Konsekvens: Auka sjanse for å ikkje fange opp barn/unge som er i faresona for å «droppe ut». Dette kan bli ei særskild kostbar innsparing. Vi har i koronaperioden sett kor viktig det er å ha mellom anna gode miljøarbeidarar som kan drive med oppsøkjande verksemd. Kvar «drop out» kostar samfunnet enorme summer.

Det er med uro og tungt hjarte vi UDF ser kva kutforslag som ligg i bordet for drifta i oppvekstsektoren. Dette er kutforslag som kvar for seg rammar dei mest sårbare barn og unge. Samla sett vil desse barna/unge bli ramma både fagleg og sosialt, både i barnehage-/skuletida og på fritida. UDF bed difor administrasjon og politikarar om ikkje berre å vurdere eitt og eitt tiltak, men òg summen av tiltaka.

Med avslutninga i framlegget til økonomiplan legg rådmannen opp til ein mogleg diskusjon kring barnehage- og skulestruktur. Dersom dette skulle bli tema, ønskjer UDF at det ikkje blir kasta fram forhasta forslag, men at det vert lagt opp til ein grundig prosess med kartlegging, konsekvensutgreiing og god medverknad. UDF ser at ein del av punkta i rådmannen si liste vil vere umogleg å gjennomføre utan først å investere i nye bygg.

Når det gjeld investeringsprosjekt som er foreslått kutta, er det synleggjort kor mykje ein kan spare ved å ikkje byggje. UDF ønskjer at det òg blir synleggjort kor mykje ein kan spare pr. år i låneutgifter (renter og avdrag), i tillegg til kva det kostar i auka vedlikehald å vidareføre drift i gamle bygg. UDF ser at siste byggjesteg i Prestmarka barnehage er fjerna frå lista over investeringsprosjekt, utan at det er omtalt nokon plass. Det vil vere veldig uheldig om siste byggjesteg ikkje blir gjennomført, då det vil bety vidare drift i to bygg, der det eine bygget svært treng vedlikehald. Drift i to bygg er kostbart og tungt organisatorisk. UDF ønskjer at dette investeringsprosjektet blir synleggjort i økonomiplanen. Dersom det ikkje blir gjennomført no, må dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane synleggjerast.

I utgangspunktet skulle det meste av prosessar knytt til kommunesamanslåinga vore ferdig gjennomførte sommaren 2020. Koronapandemien har bidrege til ein del forseinkingar, så det er framleis ein god del som ikkje «har landa» enno. UDF Alver meiner at det vil vere uklokt å kutte endå fleire årsverk innan kommuneleiing, sentraladministrasjon og støttefunksjonar no. Vi reknar med at vi i løpet av 2021 får på plass det meste av nye rutinar, samarbeidsformer og digitale system, og vi bed om at mesteparten av dei føreslåtte kutta får vente i eitt år.

Alver kommune må spare veldig store summer på drift. Dei tilsette på alle nivå strekk seg allereie veldig langt for å gje innbyggjarane dei tenestane dei treng, så dei kutta som no blir foreslått vil smerte. I denne situasjonen vil det vere rimeleg om òg politisk nivå bidreg til innsparingane. Politisk styring er det området som i økonomiplanen ligg an til minst reduksjon. Møtemat skal fjernast alle andre stader enn i politiske møte. I forkant av valet til Kommunestyret i 2019 vart det sagt at talet på kommunestyrerepresentantar måtte vere høgt i starten, men at talet deretter skulle reduserast. Det vil gje ein god signaleffekt ovanfor både tilsette og innbyggjarar om politisk nivå allereie no skriv dette inn som innsparing i økonomiplanen frå 2023/24.

Med helsing

Anita Helland og Jarle Næss
HTV Utdanningsforbundet